



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2626 - 17/1093

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2017

Avvising av mangelfull søknad - gbnr 188/357 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 014/17

Tiltakshavar: Lindås Rør & Sanitær AS
Ansvarleg søkjar: Mama Rosa Pizzeria
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-3

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av oljeutskiljar for lokale med kjøkken som lagar varm mat. Lindås kommune ved byggesak etterlyste i brev 23.08.2016 dokumentasjon på samtykke frå heimelshavar til eigedommen, med frist 19.09.2016. Vi sende nytt brev den 01.12.2016, med ny frist 22.12.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.08.2016

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna (ekstern) styresmakt.

Vatn og avløp (VA).

Eigedommen er tilknytt kommunalt nett for vatn og avløp. Lindås kommune ved teknisk drift har gjeve løyve til å kopla den omsøkte oljeutskiljaren til kommunalt avløpsnett.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er ikkje dokumentert samtykke frå eigar av gbnr 188/357 til å grava ned oljeutskiljar med tilhøyrande leidningar, jf . pbl § 21-2 og SAK § 5-4]

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om etablering av slamavskiljar avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert byggjesaka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal bli teken opp til realitetshandsaming.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2626

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mama Rosa Pizzeria

Kvassnesvegen 5 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ